SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	**Arkivkode**: FE-044
Arkivsaksnr: 18/1787	**Løpenr**: 21/4169
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	27.05.2021	025/2021
Kommunestyret	10.06.2021	060/2021

Reglar om mynde og delegeringar til leiarane i naturutvalet og kontrollutvalet m.fl.

10.06.2021 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:
Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KS- 060/2021 Vedtak:
1.4.5 Mynde for leiarar av folkevalde organ/andre kommunale organ
Lovbestemt mynde for leiarar av kommunale folkevalde organ/andre kommunale organ som er oppretta etter reglane i kommunelova, går fram av lova. Dette gjeld mellom anna følgjande mynde:

- Bestemma at det skal haldast møte i organet (jf. kommunelova § 11-2 andre ledd bokstav b)
- Leia møta i organet (jf. kommunelova § 11-2 tredje ledd)
- Setja opp sakliste for kvart enkelt møte (jf. kommunelova § 11-3 første ledd), herunder be om at saker vert sett på dagsorden.
- Motsetja seg at det vert fatta vedtak i ei sak som ikkje er oppført på saklista (jf. kommunelova § 11-3 femte ledd).
- Motsetja seg at det vert fatta vedtak i ei sak der saksdokumenta ikkje er sendt ut saman med innkallinga (jf. kommunelova § 11-3 femte ledd).

27.05.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:

Handsaming:
Knut Harald Frøland (Bl) sette fram framlegg til vedtak.

I røystinga fekk Knut Harald Frøland sitt framlegg 6 røyster og vart vedteke. Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster.

For Knut Harald Frøland sitt framlegg	For rådmannen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Lena Tveit (Bl)	Jon Magne Bogevik (Ap)

Martin Haugen (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Gunn Totland Moss (Krf)	
Øyvind Røen (Sp)	
Odd Arne Haga (Frp)	

FORM- 025/2021 Vedtak:
Det vert lag til følgjande nye underpunkt til «*1.4 Diverse avklaringar*» i Samnanger kommune sitt delegeringsreglement:

1.4.5 Mynde for leiarar av folkevalde organ/andre kommunale organ
Lovbestemt mynde for leiarar av kommunale folkevalde organ/andre kommunale organ som er oppretta etter reglane i kommunelova, går fram av lova. Dette gjeld mellom anna følgjande mynde:

- Bestemma at det skal haldast møte i organet (jf. kommunelova § 11-2 andre ledd bokstav b)
- Leia møta i organet (jf. kommunelova § 11-2 tredje ledd)
- Setja opp sakliste for kvart enkelt møte (jf. kommunelova § 11-3 første ledd), herunder be om at saker vert sett på dagsorden.
- Motsetja seg at det vert fatta vedtak i ei sak som ikkje er oppført på saklista (jf. kommunelova § 11-3 femte ledd).
- Motsetja seg at det vert fatta vedtak i ei sak der saksdokumenta ikkje er sendt ut saman med innkallinga (jf. kommunelova § 11-3 femte ledd).

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Saka vert teke til orientering.

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Delegeringsreglement for Samnanger kommune (https://www.samnanger.kommune.no/siteassets/reglement-og-vedtekter/delegeringsreglement/delegeringsreglement-ajourfort-etter-kommunestyremote-22.04.2021.pdf)
- Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet https://www.samnanger.kommune.no/siteassets/reglement-og-vedtekter/politisk/reglement-politiske-utval-----vedteke-i-kommunestyret-25.09.2013-----ajourfort-februar-2018.pdf)
- Kommunelova (https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83)

Kva saka gjeld:
Kommunestyret vedtok 22.04.2021 (sak 034/2021) å be om å få opp ei sak med forslag til reglar om delegeringar til leiaren i naturutvalet.

I etterkant av kommunestyremøtet 22.04.2021 har sakshandsamar vore i kontakt med ordføraren for nødvendige avklaringar om kommunestyret sitt vedtak. Ordføraren har i samband med dette kome med innspel om at det hadde vore fint om me kunne hatt eit «oppsamlingspunkt» for leiarar av utval (naturutvalet, kontrollutvalet, administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet).

Kommunelova sin hovudregel om sakshandsaming og vedtak i folkevalde organ
Det går fram av § 11-2 i kommunelova at folkevalde organ skal handsama saker og treffa vedtak i møte. I nokre saker kan kommunale utval likevel ha moglegheit til gje leiaren mynde til å trefffa vedtak, sjå meir informasjon om dette lenger nede i saksframlegget.

Kven kan kommunestyret delegera mynde til?
Etter kommunelova § 5-3 tredje ledd kan kommunestyret delegera mynde til å treffa vedtak til andre folkevalde organ, ordføraren eller rådmannen, innanfor rammene av kommunelova eller anna lov.

Kommunelova sine reglar om mynde for leiarar av folkevalde organ og andre kommunale organ
Leiarar av folkevalde organ og andre kommunale organ (for eksempel naturutvalet, kontrollutvalet og administrasjonsutvalet) har ein del lovbestemt mynde etter kommunelova. Dette gjeld mellom anna:

- Bestemma at det skal haldast møte i organet (jf. kommunelova § 11-2 andre ledd bokstav b)
- Leia møta i organet (jf. kommunelova § 11-2 tredje ledd)
- Setja opp sakliste for kvart enkelt møte (jf. kommunelova § 11-3 første ledd)
- Motsetja seg at det vert fatta vedtak i ei sak som ikkje er oppført på saklista (jf. kommunelova § 11-3 femte ledd).
- Motsetja seg at det vert fatta vedtak i ei sak der saksdokumenta ikkje er sendt ut saman med innkallinga (jf. kommunelova § 11-3 femte ledd).

I kommunelova § 5-7 fjerde ledd går det fram at eit utval kan gje leiaren mynde til å treffa vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning, dersom kommunestyret sjølv ikkje har bestemt noko anna.

Desse reglane i kommunelova gjeld ikkje for arbeidsmiljøutvalet, fordi arbeidsmiljøutvalet er eit organ som er oppretta med heimel i arbeidsmiljølova (ikkje i kommunelova).

Reglar om kva mynde kommunestyret og formannskapet kan delegera til ordføraren, står i § 6-1 i kommunelova.

Kommunelova sine reglar om delegeringsreglement
Reglar om delegeringsreglement står i § 5-14 i kommunelova. Det står der at «*kommunestyret fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres*». Det er ikkje fastsett krav ut over dette til innhaldet i delegeringsreglement.

Noverande reglar i Samnanger kommune sitt delegeringsreglement
Samnanger kommune sitt delegeringsregelement regulerer primært kva mynde kommunestyret har delegert til andre kommunale organ, ordføraren og rådmannen, samt kva typar saker kommunestyret skal handsama sjølv.

Med unnatak av for ordføraren, står det i dag ikkje noko i kommunen sitt delegeringsreglement om kva oppgåver/mynde leiarane i folkevalde organ eller andre kommunale organ har. Informasjon om ordføraren sitt arbeids- og ansvarsområde står i kapittel 16 i delegeringsreglementet. Noko av det som står der, går også fram av § 6-1 i kommunelova.

Noverande reglar i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet
Heller ikkje i dette reglementet er det i særleg grad spesifisert kva oppgåver/mynde leiarar av andre organ enn kommunestyret har, sjølv om ein del av sakshandsamingsreglane for kommunestyret som står i reglementet også vil gjelda for andre organ. Det er i nokre punkt i reglementet (mellom anna i punkt 3.6) vist til kommunelova sine reglar om mynde som ligg til leiaren av eit organ.

Spesielt om arbeidsmiljøutvalet
Som nemnt ovanfor i saksframlegget gjeld reglane kommunelova i utgangspunktet ikkje for arbeidsmiljøutvalet. Arbeidsmiljøutvalet er eit organ som er oppretta med heimel i kapittel 7 i arbeidsmiljølova. Utfyllande reglar om arbeidsmiljøutval (val av medlemmer og leiar etc.) står i

Forskrift om organisering, leiing og medverknad (§ 3-7 m.fl). Det er verken i lova eller forskrifta spesifisert kva oppgåver eller mynde leiaren i arbeidsmiljøutvalet har. Dette bør kanskje avklarast nærmare, i så fall må rådmannen få koma tilbake til dette i ei eiga sak.

Vurderingar og konsekvensar:
I utgangspunktet bør det ikkje vera nødvendig at det i kommunen sitt delegeringsreglement står kva lovbestemt mynde leiarar av folkevalde organ/andre kommunale organ har, i og med at dette ikkje er mynde som er delegert frå kommunestyret. Truleg kan slik informasjon vera meir naturleg å ta inn i reglementet for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.

Dersom det i dag er vanskeleg for dei folkevalde å finna ut kva mynde utvalsleiarar/leiarar av andre kommunale organ har, kan det likevel kanskje vera fornuftig å ta inn informasjon om dette i delegeringsreglementet. Rådmannen forstår det slik at bakgrunnen for kommunestyret sitt vedtak 22.04.2021 mellom anna var at det i dag ikkje er godt nok avklart kva mynde leiaren av naturutvalet har.

Rådmannen si vurdering er at delegering av mynde direkte frå kommunestyret til andre folkevalde enn ordføraren er lite aktuelt. Som nemnt ovanfor i saksframlegget, vil kommunale utval sjølv kunne gje leiaren mynde til å treffa vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning, dersom ikkje kommunestyret har bestemt noko anna. I Samnanger har kommunestyret pr. i dag ikkje bestemt «noko anna».

Rådmannen si tilråding er at saka vert teke til orientering.

Dersom kommunestyret ønskjer at informasjon om lovbestemt mynde for leiarar av folkevalde organ/andre kommunale organ skal takast inn i delegeringsreglementet, vil dette for eksempel kunne gjerast ved å leggja til eit nytt underpunkt til «*1.4 Diverse avklaringar*». Nedanfor følgjer eit mogleg forslag til eit slikt eventuelt nytt punkt i delegeringsreglementet:

«1.4.5 Mynde for leiarar av folkevalde organ/andre kommunale organ
Lovbestemt mynde for leiarar av kommunale folkevalde organ/andre kommunale organ som er oppretta etter reglane i kommunelova, går fram av lova. Dette gjeld mellom anna følgjande mynde:

- *Bestemma at det skal haldast møte i organet (jf. kommunelova § 11-2 andre ledd bokstav b)*
- *Leia møta i organet (jf. kommunelova § 11-2 tredje ledd)*
- *Setja opp sakliste for kvart enkelt møte (jf. kommunelova § 11-3 første ledd)*
- *Motsetja seg at det vert fatta vedtak i ei sak som ikkje er oppført på saklista (jf. kommunelova § 11-3 femte ledd).*
- *Motsetja seg at det vert fatta vedtak i ei sak der saksdokumenta ikkje er sendt ut saman med innkallinga (jf. kommunelova § 11-3 femte ledd).»*